



EIDFJORD KOMMUNE

Saksframlegg

Vår ref. 26/109 - 6
Sakshandsamar Ivar Ulgenes
Dato 09.07.2026

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/020	Eidfjord vilt- og innlandsfiskenemnd	16.07.2026

Høyring - Endring av Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Eidfjord kommune, Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til endra kommunal *"Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Eidfjord kommune, Vestland"* vert lagt ut på høyring.

Høyringsfristen vert satt til 30.08.26

Endringa gjeld ein ny § 4, heimla i Utøvelsesforskriften §29a:

Opning for bruk av termiske og restlysfosterkande siktemiddel:

For å avverge alvorleg skade på natur - og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettheit opnar Eidfjord kommune for bruk av termiske- og restlysfosterkande siktemiddel ved jakt på hjort i opent terreng.

Jegeren skal rapportera bruken ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret

Eidfjord vilt- og innlandsfiskenemnd 16.07.2026

Handsaming

Røysting:

Samrøystes vedteke.

VILTFISK - 26/020 vedtak

Forslag til endra kommunal *"Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Eidfjord kommune, Vestland"* vert lagt ut på høyring.

Høyringsfristen vert satt til 30.08.26

Endringa gjeld ein ny § 4, heimla i Utøvelsesforskriften §29a:

Opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel:

For å avverge alvorleg skade på natur - og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettheit opnar Eidfjord kommune for bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort i opent terreng.

Jegeren skal rapportera bruken ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret

Vedtak skal sendast til:

Valdansvarlege innanfor kommunen, Eidfjord jeger og fisk, og det skal publiserast på kommunens heimesida.

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord vilt- og innlandsfiskenemnd.

Vedlegg

Forslag til endra kommunal forskrift.

Saka gjeld:

Klima- og miljødepartementet, samt Landbruks- og matdepartementet vedtok nyleg endringar i *"Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst"* (FOR-2026-06-26-1380).

Endringa gjer at kommunen må ha eige forskrift som eventuelt opnar for bruk av termisk- og restlysforsterkande siktemiddel. Her har dei bestemt følgande **§29a:**

Tillatt bruk av synlig lys og restlysfosterkende og termiske siktemidler

"Fastmontert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk."

Kommunen har nyleg revidert den eksisterande jaktforskrifta i lys av endringar som kom når den nye Viltressurslova trådde i kraft 01.07.26. Endringane i Utøvelsesforskrifta vart vedteke 26.06.26 Diverre vart aldri kommunane informert om endringane i Utøvelsesforskrifta, og saka vert difor ikkje handsama før no.

Vurdering:

Rådmannen meiner at ein slik heimel i forskrift for å opna for bruk av termiske- og restlysforsterkende siktemiddel er naudsynt i Eidfjord kommune. Dette grunna utfordringar i enkelte områder med særleg høg hjortebestand. Bruk av skisserte hjelpemiddel er avgrensa til opent terreng, noko som ein finn fleire stader i kommunen kor det er stor førekomst av hjort. Det er sagt at departementet skal kome med ein rettleiar knytt til paragrafen for å synleggjera heimelsgrunnlaget om kva som er meint som open terreng. Men ut ifrå forarbeidet under høyringa kan ein venta at dette vil hvertfall gjelde opne innmarksområder, og opne hogstflater.

På Bu er det jamnleg observert store ansamlingar med hjort. Dette området ligg under valdet Ringøy elg og hjortevald. Dei har samjaktavtalar med andre vald, noko som gjer at dei har i fleire år over 100% felling, sjølv med avvik frå minstearealet. Etter høgt uttak i mange år så vert det framleis observert store flokkar på innmarka.

Bruk av termisk- og restlysforsterkende siktemiddel vil og gjere jakta meir effektiv i kommunen, noko som er eit regionalt mål sidan me ligg i randsona for CWD. Det vil og hjelpe dei som driv med jordbruk ta ut individ som gjer skade på innmark.

Vurdering av forskriftstruktur og høyringsperiode

Grunna bruk av termiske siktemiddel ofte er eit spørsmål om etikk, meiner rådmannen at ein bør starta ein høyringsrunde for å sjå korleis synspunkta i kommunen er.

Det framstår som at andre kommunar har planar om å ha bruk av termisk i eige forskrift, sidan dei nettopp har revidert jaktforskrifta i samband med fellingsavgift (likt som Eidfjord kommune). Enkelte kommunar vurderar dette som ei hastesak, og har valt å ikkje følge dei nasjonale retningslinjene angående høyring på minimum 6 veker.

Rådmannen meiner det er meir hensiktsmessig for ettertida å samle alt relatert til jakt i ei samla forskrift. Det er enklare og meir oversikteleg for den utøvande part å forholde seg til ei forskrift. Rådmannen meiner difor eksisterande forskrift bør reviderast med ein ny paragraf. Rådmannen meiner og at ein bør følge dei nasjonale retningslinjene for offentlig høyring, og ha forslaget på høyring i minimum 6 veker etter vedtak. Det vil framleis vera tid til å handsame saka etter høyring, og rekke kommande kommunestyremøte 21.09.

Forslag ny § 4 i kommunal forskrift

Endringa blir foreslått i Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Eidfjord kommune, Vestland (FOR-2026-06-15-1191)

Rådmannen meiner ordlyden bør vera lik som i teksten til utøvelsesforskriftas §29a, for å vera i tråd med vurderingane til departementet, og følga rettleiaren når den kjem. Foreslått rapporteringsplikt er og eit vilkår i §29a.

I den føreslåtte endra forskrifta er det følgande ny § 4:

Opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel:

For å avverge alvorleg skade på natur - og samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettheit opnar Eidfjord kommune for bruk av termiske- og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort i opent terreng.

Jegeren skal rapportera bruken ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

Vedlegg

Endra forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Eidfjord kommune